



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

MYRØ INVEST AS
Haugen Industriområde
6770 Nordfjordeid

Leikanger, 5. april 2018

Dykkar ref.:
Geir Ove Røed

Vår ref.(oppgi ved svar):
2018/1247

Sakshandsamar:
Toril Marie Mullen

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Haugen gjenbruksstasjon Kontrollnummer: 2018.037.I.FMSF

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:
Geir Ove Røed

Frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane:
Toril Marie Mullen

Andre deltakarar frå verksemda:
Leif Idar Yri

*Andre deltakarar frå Fylkesmannen i Sogn
og Fjordane:*
Dagny K. U. Alvik

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Haugen gjenbruksstasjon den 8. februar 2018. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane avdekka 4 avvik og ga 3 merknadar under inspeksjonen.

Avvik:

- Verksemda har ikkje ei godkjent finansiell sikring for farleg avfall som mottakast og lagrast på anlegget
- Verksemda har manglar i internkontrollen
- Verksemda har ikkje registrert farleg avfall frå næringskundar
- Verksemda har blanda EE-avfall med anna avfall

Merknader:

- Miljøriskovurderinga kunne ikkje visast fram under kontrollen
- Krav til årleg beredskapsøving

- Verksemda har mangelfull journalføring

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 4 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 3.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

5. april 2018	Toril Marie Mullen	Eline Orheim
dato	kontrollør	ass. fylkesmiljøvernsjef
	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: MYRØ INVEST AS	
Organisasjonsnr.: 915582192	Eigd av: 915574939
Bransjenr. (NACE-kode): 68.209 - Utleie av egen eller leid fast eiendom ellers	

Kontrollert eining

Namn: Haugen – farleg avfall	Anleggsnr.: 1443.0054.02
Kommune: Eid	Fylke: Sogn og Fjordane
Anleggsaktivitet: Avfall - mottak, mellomlagring og	
Løyve gitt: 1. november 2017	Sist endra:

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i lov og forskrift, vert overhaldne. Inspeksjonen inngår i Fylkesmannen sin aksjon for mottak og mellomlagring av farlig avfall, landsdekkande aksjon 2018.

Inspeksjonstema

- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfall
- Kjemikalier
- Mottakskontroll
- Utslepp via oljeutskiljar
- Vidarelevering av farleg avfall
- Dokumentasjon på kompetanse
- Lagringsforhold
- Finansiell sikkerheit

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Haugen gjenbruksstasjon pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. Fylkesmannen føreset at tilhøva vert retta opp slik at verksemda vert driven i samsvar med krav som er fastsette i eller med heimel i ureiningslova. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Haugen gjenbruksstasjon innan 27. april 2018 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta, kva tiltak som er gjennomførde eller planlagte.

Vi ber også om at verksemda sender inn ei kort utgreiing av korleis merknader er vurderte, eventuelt korleis dei vil verte følgde opp.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller epost (fmsfpost@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/ Toril M Mulen.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 8. februar 2018. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i ureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda inntil ein dags varigheit er fastsette i ureiningsforskrifta § 39-7.

På bakgrunn av forventet ressursbruk må Haugen gjenbruksstasjon betale eit gebyr på kr 17 200,- for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 3 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til ureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men den skal sendast via Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har ikkje ei godkjent finansiell sikring for farleg avfall som mottakast og lagrast på anlegget

Avvik frå:

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kap. 11, vedlegg 4, punkt 4, jf §§ 11-6 og 11-18 og løyvet dagsett 1.11.2017 punkt 9.1

Kommentarar:

Haugen gjenbruksstasjon har ikkje på plass finansiell sikring for kostnader med å ta hand om alt farleg avfall dersom verksemda legg ned sin aktivitet, stansar drifta eller får betalingsproblem. Sjølv om finansiell sikring ikkje er etablert og godkjent, har verksemda likevel teke imot og lagra farleg avfall.

Det står i avfallsforskrifta at anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall utan finansiell sikkerheit ikkje kan ta imot farleg avfall ved anlegget, med mindre særlege forhold tilseier det, eller at Fylkesmannen har innvilga midlertidig utsetting av kravet.

Det er også vist til krav om finansiell sikring i løyvet dagsett 1.11.2017.

Avvik 2: Verksemda har manglar i internkontrollen**Avvik frå:**

Internkontrollforskrifta § 5, 2. ledd, punkt 7 og løyvet dagsett 1.11.2017 punkt 2.2

Kommentarar:**Haugen miljøstasjon har ikkje sitt eige avvikssystem**

Haugen miljøstasjon kunne ikkje vise til avvik på ytre miljø. Anten kan Haugen miljøstasjon ha sitt eige avvikssystem, eller så lyt Nomil ha eit avvikssystem som vert nytta av Haugen miljøstasjon. Dette lyt være skriftleg avklart i internkontrollen til verksemda.

Internkontrollavvik

Alle tilsette skal ha god kjennskap til løyvet. Det kom fram at løyvet var ukjent for operatør av gjenbruksstasjonen.

Avvik 3: Verksemda har ikkje registrert farleg avfall frå næringskundar**Avvik frå:**

Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta) kap. 11, jf § 11-13 og løyvet dagsett 1.11.2017 punkt 3.2

Kommentarar:

Den som driv mottaksordninga skal føre journal som omfattar alle naudsynte opplysningar om farleg avfall. Journalen skal innehalde opplysningar om avfallet si opprinning med vidare. Verksemda har ikkje registrert farleg avfall som er levert frå næringslivskundar. Det er lite truleg at verksemda ikkje har motteke farleg avfall frå næringslivskundar.

Etter kontakt med Miljødirektoratet, og sjekk i avfallsdeklarerer.no verkar det som om Haugen miljøstasjon ikkje har oppretta brukarprofil/ikkje har teke i bruk avfalldeklarerer.no

Ved mottak av farleg avfall frå verksemder/næringslivet skal den som driv mottaket sjå til at avfallsinnehavar har deklarerert det farlege avfallet. Avfallsinnehavar er sjølv ansvarleg for at deklareringa er korrekt utført, jf. § 11-12.

Haugen miljøstasjon bør snarast opprette brukarprofil og ta i bruk avfallsdeklarerer.no

Avvik 4: Verksemda har blanda EE-avfall med anna avfall

Avvik frå:

Løyvet dagsett 1.11.2017 punkt 3.2

Kommentarar:

Verksemda har ikkje oversikt over kor mykje kvitevarer som kjem inn på anlegget, og som blir levert vidare. Vaskemaskiner og tørketromlar vert kasta i metallcontainer og sendt til Vartdal til gjenvinning. I årsrapporten frå Vartdal er det kun registrert metall, og ikkje kva som er levert inn av kvitevarer.

Verksemda skal til ei kvar tid ha oversikt over mengd og type avfall som er motteke, kor lenge avfallet er lagra, dato når avfall forlèt anlegget og namn på godkjent mottakar. Journalen må vidare skilje mellom ulikt avfall i samsvar med inndelinga i vilkår 1.

7. Merknader

Vi ga følgjande merknader under inspeksjonen:

Merknad 1: Miljørisikovurderinga kunne ikkje visast fram under kontrollen

Kommentarar:

Det er laga ei miljørisikovurdering, men den kunne ikkje leggest fram under tilsynet, av di den ikkje var oversendt frå Nomil IKS enno. Vi vil gjerne få kartlegginga og miljørisikovurderinga av korleis aktivitetane ved verksemda kan påverke det ytre miljø tilsendt.

Forhold som vart teke opp under tilsynet, og som er viktig i ei slik vurdering er utslepp til lufta av støv, gass og støy, utslepp til vatn, handtering av kjemikaliar og handtering av avfall og farleg avfall.

Under tilsynet vart det kommentert fare for blanding av kjemikaliar. Eit slikt moment bør inn i risikovurderinga.

Det vart også etterspurt om verksemda har utfordringar med rotter eller lukt eller framande artar. De må dokumentere at de har teke ei vurdering på at de har kontroll på dette.

Merknad 2: Krav til årleg beredskapsøving

Kommentar:

Jf løyvet punkt 7 har verksemda plikt til å gjennomføre årlege beredskapsøvingar, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk. Løyvet er dagsett 1.11.2017, så innan 1.11.2018 skal verksemda ha gjennomført ei beredskapsøving. Denne kan gjerne gjennomførast utan varsel, og kan til dømes omhandle uhell med søl frå IBC-tank, eller branntilløp.

Merknad 3: Verksemda har manglar knytt til journalføringa

Avvik frå:

Løyvet dagsett 1.11.2017 punkt 3.2, og avfallsforskrifta kap. 11, vedlegg 3, punkt 8 og 9 (jf § 11-6 andre ledd)

Kommentarar:

Krav til lagring av journaldata i brannsikker avstand

Journaldata skal vere sikra med kopi lagra annan stad for å unngå tap ved uføresett hending, og slik er det ikkje i dag ved verksemda. Orientering om mengd, type og plassering av brannfarleg avfall skal vere tilgjengeleg i brannsikker avstand frå lagerplass. Verksemda fører manuelt kvar veke, og så vert det overført elektronisk ein gong i månaden. Verksemda må vurdere om de vel å ha manuell kopi lagra annan stad, eller om ein overfører journaldata elektronisk kvar veke.

8. Andre tilhøve

Haugen gjenbruksstasjon framstod som ryddig og oversiktleg. Det er fast dekke, og det er rutiner for å koste før og etter opningstider, og spyle plassen. Det er fokus på å unngå flygeavfall. Det vert ikkje ståande att avfall som er av interesse for uvedkommande tilgjengeleg etter opningstider. Operatør som møtte brukarane av gjenbruksstasjonen framstod som kompetent og oppteken av å gjere ein god jobb med omsyn på riktig handtering av farleg avfall.

Det er også planar om å støype kant rundt gjenbruksstasjonen, og å sette opp gjerde på kanten slik at ein avgrensar tilgjenge for uvedkommande til gjenbruksstasjonen utanom opningstidene. I dag vert alt farleg avfall innelåst i containerar utanom opningstidene.

Det er viktig at verksemda har rutinar for tilstandskontroll, tømning og dokumentasjon på at oljeutskiljaren fungerer som tenkt. Det bør takast prøver av det oljeholdige avløpsvatnet. Ved utslepp av oljeholdig avløpsvatn skal oljeinnhaldet ikkje overskride 50 mg/l. Verksemda må ha dokumentasjon som viser at grenseverdiane vert overhalde, jf ureiningsforskrifta § 15-7. Det er kommunen som er myndigheit etter kap. 15 i ureiningsforskrifta. Kommunen får difor kopi av denne rapporten.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensinger og om avfall (ureiningslova) med underliggende forskrifter
- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter ureiningslova frå Fylkesmannen

10. Informasjon til verksemda

Regelverk som det vart informert om:

- Forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta)

Brosjyrar/infoark vart utdelte:

- Gebyr ved kontroll (TA-2608)